

MARIA BODSKAPSDAG

Luk 1, 39-45.

Preikerussurs 2025

Eg innrømmer glatt at det som her vert fortalt ligg godt i utkanten av erfaringsområdet til eit mannebein som meg. Men så mykje har eg skjøna, at når to gravide møtast, så er temaet nærast gitt. Så total er denne opplevinga av å bere eit barn til verda.

Slik har det vore til alle tider og for kvinner i ulike livssituasjonar. Men for desse to, Maria og Elisabeth, var det ekstra grunn til å snakke om det det som no skjedde med dei. Dei er i slekt, fortel skrifta, men aldersforskjellen er stor. Elisabeth er langt opp i åra fortel evangelisten, medan Maria etter alt å døme er ei svært ung dame i tenåra. Slik er Elisabeth eigentleg for gamal til å få barn, medan Maria knapt er gamal nok. Men no har dei hamna i same situasjon, og det på underfullt vis. Begge har dei vorte oppsøkte av bodberarar frå Gud, som har varsla dei ikkje berre om graviditeten, men også at barnet som dei ber på er utvald av Gud, om enn på ulikt vis. Elisabeth har fått melding om at ho skal bli mor til han som seinare vart kalla Johannes døyparen. Han som var Guds utvalde til å vende folket til han som skulle kome, Jesus Kristus. Han var det Maria som skulle bere inn i verda, slik det var varsla både til henne og til mannen Josef.

Slik er nok situasjonen deira ulik. Men det er tydeleg at begge har ei sterk oppleving av å vere mottakarar. Ja, mottakarar av Guds gode gåve, komen til dei i borna som dei ber på. Dette er til å kjennes seg att i for alle oss som har fått barn, anten vi er mødrer eller fedrar. Vi er mottakarar. Slik har det nedfelt seg i språket vårt at vi *får* barn. «Vi har fått ei jente, vi har fått ein gut, vi har fått eit barn». Slik talar vi. Sjølv om barnet er blitt til ved den gode, gamle

naturmetoden, og vi kjenner i detalj dei biologiske prosessane i dette, så opplever vi barnet som ei gåve. Dette har vi sterke opplevingar av vi som har stått med det nyfødde barnet i hendene eller har fått lagt det ved brystet. Vi har fått ei gåve. Så er vi gjerne ikkje like frimodige alle på å tale om det som ei gåve frå Gud. Men kvar skulle vi elles fått det frå. Barnet vi fekk er ei Guds gåve.

Slik opplever vi det, og slik er dert nedfelt i kulturen vår. Men det kan vere under endring. Medisinske etikarar og idehistorikarar talar om at vi kan stå framfor eit paradigmeskifte, ei grunnleggjande endring på korleis vi ser på barnet i mors liv. Dei som vil setje det på spissen talar såleis om at barnet går frå å vere gåve til å vere kvalitetssikra produkt. Bakgrunnen er at vi får meir og meir kunnskap om dette barnet, alt før det er fødd. Slik har det vore, særleg etter at vi fekk ultralyd og fostervassprøvar. Men dei aller siste åra er det blitt tatt ein langt sprang i denne utviklinga både gjennom ny teknologi og nytt lovverk. Såleis er det blitt lagt til rette for ein gjennom ein enkel blodprøve av mor kan kartleggje ulike eigenskapar og tilstandar ved fosteret. I Noreg handlar dette i praksis fyrst og fremst om å oppdage såkalla trisomiar, og av dei er Downs syndrom den aller mest vanlege. Ingen av desse trisomiane kan kan behandlast, så om ein ikkje vil svangerskapet gå sin gang, er alternativet abort. Dette har medført at enda fleire med Downs vert aborterte, og einskilde land talar om at dei er i ferd med å utrydde Downs syndrom gjennom fosterdiagnostikk og abort. Dette har vi som kyrkje stilt oss svært kritiske til. Men dette handlar jo ikkje om berre kritikk, men fyrst og fremst at vi stiller opp som kyrkje og samfunn for at menneske også med Downs får eit fullverdig liv. «Betre støtte – betre liv» som var parolen på FN sin ingernasjonale dag for Downs syndrom sist fredag 21. mars, då mange av oss gjekk med ulike sokkar for å vise at om vi er ulike, så høyrer vi like vel saman, - ikkje minst i kyrkja.

Men det som no gjeld dei som har Downs, kan snart gjelde mange andre. Diktaren Edvard Hoem skriv om dette i avisa Klassekampen. På veg til barnehagen med barnebarn Leonard, som har Downs, filosoferer han over livsvilkåra for desse barna og skriv.: «For meg er svaret opplagt. Vi treng dei. Downsborna er vaktpostar ved humanitetens yttergrense. Dei sørger for at samfunnet enn så lenge inkluderer dei funksjonshemma, dei dei hjerneskadde og dei som slit med alvorleg sjukdom frå barnsbein av. Så lenge Downs-barna vet tatt vare på vil samfunnet også ta medansvar for dei andre». Slik skriv Edvard Hoem, og på førebiletleg vis set ord på eit vanskeleg tema, som vi som kyrkje ikkje kan unnlate å tale om. Ja, ingen stad skulle det vere meir naturleg enn i kyrkja. Ei kyrkje der vi trur at menneske, også som foster, har ein ukrenkjeleg verdi, uansett funksjonsnivå. Ja, som på Maria bodskapsdag feirar at: *Han som troner i sin høye himmel, blir et svakt og ubeskyttet foster. Som vi syng på denne dagen.*

Dermed er vi tilbake til at vi er mottakarar av Guds gode gåve i barnet, og fremst i denne rekkja av mottakarar står Maria. Det må ha vore ei overveldande oppleving, både grunna alderen hennar og dei heilt spesielle omstenda som ho var blitt gravid under. Kanskje var det dette som dreiv henne til å oppsøkje den eldre slektningen sin, som ho visste var gravid under sine spesielle omstende. Ei sterk drivkraft til å ta ut på denne ferda opp til fjellbygda der Elisabeth budde måtte ho i alle fall hatt. At ei ung jente tok ut på reise åleine, særleg når ein var gravid, var heilt uvanleg i den jødiske kulturen, ikkje minst i farlege terrenget som det er her tale om. Så Maria må ha vore ei sterk, ung dame, som tok i veg med dette.

Men ho vert vel motteken høyrer vi, og straks tek dei til å tale om borna som dei ber på. I det avsnittet som vi har lese er det Elisabeth som fører ordet. D.v.s. at barnet som ho ber på tek del i denne samtalen på underlege vis, ved at

det sparkar i magen til mor, som ein slag akklamasjon av det som vert sagt. Det handlar om Maria sitt barn, men det handlar også om Maria sjølv. «Velsigna er du mellom kvinner, og velsigna er frukta i ditt morsliv», som Elisabeth seier til henne. Og så prisar Elisabeth henne sæl som den som trudde. Slik utnemner Elisabeth henne på eit vis som alle truande si mor, som Maria seinare er blitt kalla.

Kva slags tru er dette? Jau, Maria kjem med eit slag truvedkjenning gjennom den sterke og vakre lovsongen som ho bryt ut i etter å ha fått budskapet om at ho skal bli mor til Jesus. I denne, som vi kjenner som Marias lovsong eller Magnificat, prisar ho Gud som den som ser til dei låge og som ikkje vert rekna for å vere noko, medan han avviser dei som er høgt på strå og meiner seg å vere sjølvhjelpete. Slik set ho seg sjølv som ei ung, ukjend kvinne inn i denne guddommelege samanhengen. Ja, at Guds gjerning i det låge og mellom dei umyndige toppar seg i at ho vert vald til å bere Guds son inn i verda.

Det er ei sterkt truvedkjenning som har blitt ståande for all ettertid. Ja, som også er blitt vår truvedkjenning, vi som trur på den same Gud som Maria gjorde. Men når Maria har vorte alle truande si mor, så er det ikkje fordi ho så sterkt og klårt uttrykte dette i ord, men fordi ho tok imot denne gåva, som Gud har gjeve oss i Kristus. For henne handla dette om å ta imot på kroppsleg vis, ved at ho sa ja til å bere Jesus inn i verda. Ja, til å bere han som Guds son, sjølv om ho hadde sett berre ein flik av kva dette innebar. Etter kvart skulle ho både sjå og skjøne meir. Vi høyrer at Maria gøymde i hjarta sitt det som Jesus sa og gjorde, som toppa seg i Jesus død og oppstode. Men det som er blitt ståande for all ettertid er den tilliten, ja trua, som Maria viste, då ho tok imot Jesus som Guds gåve til henne og til verda.

Slik viste ho oss trua sin grunnleggjande karakter. Det handlar ikkje om å skjønne, men å ta imot. Ta imot Guds gode gåver, og av dei er Jesus Kristus, Guds son og vår bror, den største.

I denne mottakinga, er det godt å stå i eit fellesskap. Det hadde Maria saman med Josef, som tydeleg vis følgde henne og støtta henne både før og etter fødselen, utan å lage stå stort nummer av det. Men Maria trengde tydeleg vis eit fellesskap også utover tjukkaste familien. Og det fann ho i Elisabeth. Ei dame som tydeleg vis var røynd i både tru og liv, og som Maria vart verande hos i tre månader, fortel Skrifta.

Slik var det også for Lydia, som vi las om i Apostelgjerningane. Der høyrde vi at etter at ho var blitt døypt saman med heile familien sin, bad ho apostelen og fylgjet hans om å verte verande hos dei ei tid. Som døypte menneske trengde dei eit kristent fellesskap rundt seg.

Anneleis er det ikkje for oss. Gud kjem til oss som einskildmenneske og byd oss sine gode gåver, som toppar seg i Jesus. Slik kallar han kvar og ein av oss til å ta imot. Det er vårt store, personlege val. Men når vi vel å ta imot, så er vi ikkje åleine. Rundt oss har vi alle dei som Gud har vendt seg til med dei same gode gåvene, og mellom dei finn vi eit fellesskap av menneske som har gjort som Maria gjorde, då ho tok imot Jesus.

Det er dette som vart synleg ved dåpen i dag. For her kom de som er foreldre og familie og takka for borna dykkar som i gåve frå Gud. Og så, omgjevne av kyrkjelydsfellesskapet tok de imot dåpen som ei Guds gåve til barnet, som slik fekk barnekår hos Gud. Som kristne står vi saman ikkje berre med vår eigen kyrkjelyd, men med den verdsvide kyrkja. Slik vert vi minna om at den kristne trua er nok personleg, men ho er ikkje privat. Vi trur, tilbed og tener saman, som Maria og Elisabeth gjorde det.

Slik står vi i eit fellesskap av mottakarar. I dette fellesskapet står Maria fremst, ho som er alle truande si mor, fordi ho tok i mot Jesus. Difor seier vi med Elisabeth: Velsigna er du mellom kvinner, og velsigna er frukta av ditt liv, Jesus Kristus, Guds son og vår Herre.

Ære vere